



Kultursjefen i Fjell

BARK – RAPPORTERING FOR 2015

SKJØTSEL OG TILRETTELEGGING VED HØYBØEN, VINDNES



Foto: Liv Strømme



Prosjektet ved Høybøen er delt inn i to fasar. Denne rapporten gjeld for omsøkte fase 1 (søknads-ID 2014/1022). Fokuset i søknaden var utarbeiding av skjøtselplan for Høybøen (gnr. 26, bnr. 8), rydding av vegetasjon og busker i fornminneområdet ved Høybøen (lok 64065) og restaurering av gravrøys ved Tytebærhaugen (lok 95787). I tillegg var målet å utarbeide formidlingsplan for begge fasane i prosjektet, samt å få på plass nokre skilt.

Vi har i heile fasen hatt eit svært godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Saman har vi hatt fleire møte og vore på fleire synfaringar, for å vurdere korleis vi skulle legge opp arbeidet. Grunneigar ved Høybøen, Hogne Vindens, har vore sterkt involvert både på synfaringar og i sjølve skjøtselarbeidet. Vi har vore på synfaring med landbruksavdelinga i Fjell kommune og Fylkesmannen, for å sjå på landskap og beitetilhøve. Vi har nytta oss av kompetansen til Mons Kvamme i forhold til brenning av llyngheti. Arkeologar frå Universitetet i Bergen har vore involvert i forhold til restaurering av gravrøysa ved Tytebærhaugen, der det var bygd fleire vardar av gravsteinane. Vi har dessutan involvert lokale turlag og det lokale grendalaget i arbeidet. Dei er særleg opptekne av turløypene i området og formidling, som vi vil legge meir vekt på i fase 2.

I mars 2015 vart det gjennomført restaurering av ei skada gravrøys ved Tytebærhaugen. Det var bygd fleire vardar av gravsteinane, og mange av steinane var skipla. Restaureringa var eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Universitetsmuseet i Bergen, og resultatet var særslig godt.

Framsidefoto:

Frå restaurering av grav ved Tytebærhaugen. Frå venstre: Lars Røgenes (UiB), Søren Diinhoff (UiB), Silje Øvrebø Foyn (HFK), Ingebjørg Njøs Storvik (UiB), Heidi Handeland (HFK) og Solveig Lohne Rongved (HFK).



velluka som ein kan sjå av foto. I september 2015 vart det gjennomført skjøtselarbeid i tuftområdet. Deltakarar var Statens Naturoppsyn, Hordaland fylkeskommune, Fjell kommune og grunneigar Hogne Vindenes. Det vart fjerna store mengder busker og tre, og dette er eit arbeid som vil fortsette i år. Når det gjeld formidling og tilrettelegging av turstiar er dette noko vi vil ha særleg fokus på framover. I løpet av året vil vi også svi av lyngheia i store områder.

Utgifter i 2015:

Utgift	Sum
Rådgjeving lyngbrenning, v/Mons Kvamme	2.500
Bensin til båt og motorsag, div. utstyr	
Utlegg ved grunneigar Hogne Vindenes	1.500
Hanskar, presenningar og beskjeringssett	883
Dugnad – rydding av vegetasjon og busker ved Høybøen ¹ (112 timer x 200 kr)	22.400
Totalt	27.283

Rapport ved Berit Vik, Fjell kommune

Vedlegg:

Artiklar frå HFK sine nettsider som omhandlar restaureringa av gravrøysa og skjøtselarbeidet ved Høybøen.

¹ Vi har valt å nytte ein timesats på kr 200 (Statens Naturoppsyn 4 dagsverk, Hordaland fylkeskommune 3 dagsverk, Fjell kommune 4 dagsverk og grunneigar 3 dagsverk). Vi har ikkje kalkulert med administrasjonskostnader i denne omgang.



Synfaring av skjemma gravrøys, 24. juni 2014.



Frå venstre: Heidi Handeland (HFK), Solveig Lohne Rongved (HFK) og Søren Diinhoff (UiB)



Synfaring 3. april 2014. Tuftene ved Høybøen.



Øydegardsområdet ved Høybøen.



Frø synfaring 22. april 2015. Solveig Lohne Rongved foran den ferdig restaurerte gravrøysa ved Tytebærhaugen.



Synfaring 22. april 2015. Frø venstre Mons Kvamme, Solveig Lohne Rongved og grunneigar Hogne Vindenes.